

# Moderne importord i språka i Norden

Titel: Omfanget av moderne importord i nordiske aviser

Forfatter: Endre Brunstad

Kilde: Moderne importord i språka i Norden I.  
Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utalandske ord,  
2003, s. 111-119

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/min/issue/archive>



© Novus forlag 2003

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

# Omfanget av moderne importord i nordiske aviser

Endre Brunstad

Bergen

## *Innleiing*

Denne artikkelen vil gjere greie for eit pågåande forskingsprosjekt der målet er å samanlikne omfanget av moderne importord i skriftspråka i Norden. Det er her tale om importord som er komne inn i perioden etter 1945, og om å talfeste frekvensen av desse orda. Kjeldematerialet er løpande avistekstar frå Noreg, Sverige, Finland, Danmark, Færøyane og Island.

Når vi gjer ei samanlikning, er det òg eit mål å få fram nokre generelle sider ved importordprosessen, og vi er interesserte i kva *retning* språk- og kulturpåverknaden går i. I den samanhengen vil prosjektet fokusere på fem problemstillingar med generaliserande siktemål:

1. Kva språk kjem importorda frå? Vi veit alt at engelsk er hovudleverandøren av moderne importord. Det er samtidig relevant å få identifisert andre aktuelle långivarar (t.d. tysk, fransk og spansk), og i kva samanhengar det kjem lån frå andre språk.
2. Korleis fordeler omfanget av importord seg i ulike emneområde i avisene (underholding, sport, kultur, lokalstoff, ungdomsstoff etc.)? Her er vi ute etter pragmatiske og kontekstuelle opplysningar.
3. Korleis er fordelinga av importord i ulike avistypar? Her er det relevant å skilje mellom hovudstadsaviser, regionaviser og lokalaviser, og mellom abonnementsaviser og laussalsaviser. Også ved denne problemstillinga er vi ute etter pragmatiske og kontekstuelle opplysningar. I tillegg kan ein kanskje få fram eventuelle ulikskapar mellom by og land og mellom regionar.
4. Korleis har omfanget og fordelinga av importord utvikla seg i etterkrigstida? Målet er her å få meir kunnskap om utviklingstrekk i avisspråket generelt, og om det i den samanhengen er ein del ulikskapar mellom dei ulike nordiske språksamfunna. Såleis vil prosjektet velje aviser frå to år, 1975 og 2000, og gjere ei jamføring mellom desse to åra.
5. Kva likskapar og ulikskapar er der mellom dei ulike skriftspråka i Norden når det gjeld omfang og fordeling av importord? Kva språk har minst og kva språk har mest importord? Her er vi direkte inne på den nordiske samanlikninga.

I denne artikkelen skal vi setje fokus på bakgrunnen for prosjektet, og kva framgangsmåtar som vert valde. Men før vi kjem så langt, skal vi gå litt nærmare inn på tidlegare forskning på omfanget av importord i Norden.

### *Eksisterande forskning*

På 1980- og 1990-talet vart det i fleire nordiske språksamfunn sett i gang forskingsprosjekt om omfanget av importord (fyrst og fremst frå engelsk), og desse prosjekta tok utgangspunkt i løpande tekstar.<sup>1</sup> Framgangsmåten var då å telje alle orda som fanst i tekstane, registrere alle importorda, og rekne ut omfanget av importord i høve til det totale talet på ord. I desse undersøkingane ser vi ein del interessante tendensar.

#### **Svensk**

Ei av dei fyrste omfattande undersøkingane vart gjort av Magnus Ljung, og er presentert i *Lam anka – ett måste?* (1985) og *Skinheads, hackers & lama ankor* (1988). Ljung tok utgangspunktet i eit korpus på kring 500 000 ord henta frå aviser og tidsskrift i 1983 og 1984. Han inkluderte berre nyare direkte lån, dvs. ordformer som ikkje var registrerte i *Svenska Akademiens Ordlista* frå 1973 og tidlegare. Ljung kom fram til eit gjennomsnitt på 4,24 engelske importord per 1000 ord. Frekvensen varierte etter sjanger og teksttype: I datablad var der eit snitt på 19,3 engelske ord per 1000 ord. I allmennskrifter var talet så lågt som 1,88 ord per 1000 ord. I avistekstar var engelskfrekvensen 3,3 av 1000 ord.

Judith-Ann Chrystal har i avhandlinga *Engelskan i svensk dagspress* (1988) granska 48 aviser frå heile Sverige i 1984. I desse avisene finn ho 2,5 engelske importord for kvar 1000 ord (dvs. 1,3 ord per 1000 ord i redaksjonell tekst og 5,9 ord per 1000 ord i reklame-tekst). Chrystal har sett *Svenska Akademiens Ordlista* frå 1950 som grense. At hennar tal så er lågare enn Ljungs tal, forklarar ho mellom anna med at Ljung har konsentrert seg om storbyavisene.

Chrystal skil mellom ulike område både for redaksjonelt stoff og annonsestoff. Dei tre områda med flest engelske importord i redaksjonell tekst er *underhaldning*, *sport* og *allmennreportasjar*. (Dei utgjer 44% av redaksjonsstoffet og har 70% av alle engelske importorda.) Dei tre områda med flest engelske lån i annonsetekstane er *bil/båt*, *underhaldning* og *teknikk*. (Dei har der til saman 62% av alle engelske importorda.)

Kristina Jämtelid har i *Engelska lånnord förr och nu* (1996) jamført avistekstar frå åra 1965 og 1995 innanfor emneområda teater, film og musikk. Studien viser at der på tretti år har skjedd ein liten auke i talet på importord, t.d. har talet på direkte lån gått frå 8 til 12 per tusen. (Jämtelid viser ein interessant skilnad i at dei engelske låna i 1965 i større grad vart markerte metaspråkleg eller gjennom forsøk på omsetjingar [s. 28]. I 1995 merker ein ikkje så lett at det er tale om eit engelsk lån.)

#### **Finlandssvensk**

Finlandssvensk er granska mellom anna av Judith-Ann Chrystal (1988). Det viser seg at dei finlandssvenske avisene hadde færre engelske lån enn dei sverigesvenske, nemleg 1 av 1000 ord (s. 180). Verdt å merke seg er at mange ordformer som i sverigesvensk kom som direkte lån, vart omsetjingslån i finlandssvensk (s. 186). Den sistnemnde tendensen kjem òg fram i Christina Melin-Köpiläs doktoravhandling *Om normer och normkonflikter i finlandssvenskan* (1996). Finlandssvensken tek i fylgje Melin-Köpilä over den finske tradisjonen med omsetjingslån for engelske ord (og omset så frå finsk igjen).

#### **Dansk**

I dansk er innslaget av engelske importord dokumentert av Sørensen (1973, 1995). Ei av

dei fyrste statistiske bearbeidingane av eit tekstmateriale er gjort av Lars Brink (1988), og han fann mellom 0,1% og 0,2% direkte importord i utvalde tekstprøver (kvar på 200 ord) frå ulike sjangrar. Pia Jarvad har i *Nye ord – hvorfor og hvordan* (1995:108 f) gjort ei stikkprøve på over 100 000 ord i 13 danske bøker skrivne på 1980- og 1990-talet, og der viser det seg å vere ein gjennomsnittleg del av engelske ord på kring 2 av 1000 ord. Det er i samsvar med tendensen elles i Skandinavia. I ei anna gransking har Jarvad, etter mønster av Gellerstam (1973), dessutan nytta *Dansk frekvensordbog* (Bergenholtz 1989), som dekkjer perioden 1987 til 1988, som kjelde. Ho har teke føre seg dei 5000 mest frekvente orda, dei som dekkjer kring 80 % av ordbruken, og funne at 33 av desse er direkte engelske lån (dvs. 8 av 1000 ord).

### Norsk

I Noreg kom det i samband med prosjektet *Engelsk i norsk språk og samfunn* (Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo) ein del hovudfagsoppgåver i engelsk. Ingrid Ann Devenish (1990) har undersøkt poppspaltene i *Aftenposten*, *Arbeiderbladet* og *VG*, Inger Valberg (1990) har undersøkt motestoff i osloaviser og vekeblad, og Grethe Grønli (1990) har undersøkt reklamespråk i *Aftenposten* og *A-magasinet*. Det handlar her om direkte engelske importord, og frekvensen av desse utgjer mellom 12 per 1000 ord (Valberg) og 23 per 1000 ord (Devenish). Grethe Grønli har i si oppgåve vist til at det i perioden frå 1969 til 1989 har skjedd ei dobling i talet på direkte engelske lån i annonsetekstane. Når ein tek omsyn til at det samla annonsevolumet har auka, vert også det samla talet på anglisismar høgare (jf. Johansson 1992:78).

Det må understrekast at desse hovudfagsoppgåvene tek føre seg spesielle tekstemne der ein veit at talet på anglisismar er høgt. Tala er såleis ikkje heilt representative for norsk språk ”som heilskap” i høve til dei andre skandinaviske språka.

Seinare har Hanne K. Johannessen (1999) undersøkt tekstar frå Luftfartsverket, og funne i gjennomsnitt 21 engelske importord pr. 1000 ord. Kobberstad (1999) har samanlikna fotballspalter i *Aftenposten* og *Dagbladet* frå tre år, 1938, 1968 og 1998, og sidan han inkluderer både eldre og nyare lån, får han eit ganske høg tal på importorda, 19,2 per 1000 ord. Påfallande er det kanskje at der er fleire importord i den konservative *Aftenposten* enn tabloidavisa *Dagbladet*, men det forklarar Kobberstad med at *Aftenposten* er meir fokusert på det saklege ved fotballspelet, ved teknikkar og handlingar, og at desse oftare har ei engelsk nemning.

I skjønnlitteraturen er talet på anglisismar lågt. I Anne Kristin Eriksen (1992) si hovudfagsoppgåve vert det på grunnlag av ti nyare norske romanar og noveller i krimsjangeren kome fram til eit snitt på 1,9 lån per 1000 ord.

### Færøysk

I færøysk har ein inga frekvensgransking basert på løpande tekstar. Ulla Clauséns *Nyord i færøiskan* (1978) og Tórður Jóansson si doktoravhandling *English loanwords in Faroese* (1997) er døme på leksikografiske arbeid vinkla mellom anna mot importord, men desse har inga statistisk testing.

### Finsk

Noka statistisk testing finst, såvidt eg veit, heller ikkje for finsk. Engelskpåverknad på finsk er granska av fleire, men ikkje ut frå dei nemnde problemstillingane.

### Islandsk

For islandsk har Ásta Svavarsdóttir (2002) gjort ei gransking av engelske importord. Ho har teke utgangspunkt i løpande tekstar (frå innanriks-artiklar) i den største avisa på Island. Av til saman 65 000 ord er 220 engelske importord, dvs. 3 per 1000 ord. Eit såpass høgt tal (jamført med t.d. granskingane i Sverige) skuldast mellom anna kriteria som er lagde til grunn: Både eldre og yngre lån frå engelsk er tekne med. I tillegg har Ásta Svavarsdóttir inkludert namn (t.d. *Bill Clinton*, *American Beauty*) og kodeveksling. Ut frå same kriteria kjem ho i ein studie av dagbøker (med 77633 ord) fram til at om lag 8 av 1000 ord er av engelsk opphav.

### Generelt om undersøkingane

Undersøkingane som her er nemnde, gir verdfull innsikt, ikkje minst om fordelinga av anglisismar i høve til emne, og om stilistiske og pragmatiske aspekt. Vi ”veit” i dag at der t.d. er større innslag av engelske importord i stoffområde som har med underhaldning, mote, sport og teknikk å gjere, og at bruken er knytt til ulike pragmatiske funksjonar der språkkulturelle verdiar, haldningar og orientering kjem til uttrykk.

Samtidig er det ut frå den eksisterande forskinga vanskeleg å gi klare svar på kva for eitt av dei skandinaviske språka som har størst eller minst omfang av importord. Kriteria for frekvensmåling er ulike, likeins kan kriteria for kva lån ein inkluderer, og korleis ein klassifiserer desse, variere. Der er også avgrensingar og ulikskapar som gjeld val av teksttypar, sjangrar og kontekstar. Omfanget av tekstmaterialet er også ulikt. Samla sett er dermed undersøkingane ikkje stringente nok til å brukast som grunnlag for nordiske jamføringar.

### *Prosjektet Moderne importord i språka i Norden*

Ei komparativ undersøking må take føre seg eit spesifikt utval av domene eller innhalds-område og deretter skilje mellom ulike sjangrar innanfor kvart av domena. På det grunnlaget kan ein så gjere jamføringar. Det er ei slik komparativ undersøking vi arbeider med i prosjektet *Moderne importord i språka i Norden*.

Prosjektet er initiert av Nordisk språkråd, og involverer forskarar frå alle dei aktuelle språksamfunna. Skriftspråka som skal granskast er norsk (både bokmål og nynorsk), svensk, finlandssvensk, dansk, finsk, islandsk og færøysk.<sup>2</sup> Grønlandsk og samisk vert, etter samråd med dei respektive språknemndene, ikkje inkluderte i studien.<sup>3</sup>

Kjeldegrunnlaget er aviser frå dei same dagane i dei ulike språka, og avisene skal ha ein nokolunde lik profil, dvs. abonnementsavis, tabloidavis, stor regionavis og lokalavis. Der er fleire grunnar til å bruke nettopp aviser som kjeldemateriale. Aviser dekkjer for det fyrste ulike emneområde: underhaldning, sport, kultur, politikk, livsstil etc. Også ulike sjangrar og ulike stilartar er representerte, dessutan finn vi også annonsstoff. Ved val av aviser set vi òg grenser mot fagspråket. Aviser er dessutan relativt lette å få tak i.

Det er vidare verdt å streke under at dette prosjektet fokuserer på importord generelt, ikkje berre på anglisismar. Dermed får vi mellom anna fram importorda frå spansk (*tor-tillas*), italiensk (*pasta*) og meir ”eksotiske” språk (*karaoke*, *kebab*) som har kome inn gjennom matvegen dei siste tiåra. I tillegg kjem internasjonalsmar med, t.d. prefiksa *hyper-*, *in-*, *inter-*, *makro-*, *maxi-*, *mega-*, *mikro-*, *mini-*, *mono-*, *non-*, *post-*, *super-* og *ultra-*, som alle har vore involverte i fleire av importorda frå engelsk.

Når undersøkinga tek føre seg aviser frå to år, 1975 og 2000, er det rimeleg å forvente at det i 2000 vil vere fleire importord. Poenget er likevel ikkje så banalt som å påpeike ein generell auke, men å vurdere utviklingstrekk i bruken av importorda, og korleis utviklinga fordeler seg mellom ulike sjangrar, emneområde, aviser og språk. Her er det viktig å sjå på fordelinga mellom ulike sjangrar (t.d. mellom notis, nyhendeartikkel, intervju, kommentar etc.) og mellom ulike emneområde (t.d. sport, utanriks, lokal, kriminal, kultur etc.). Som bieffekt kan denne vinklinga også ha medieanalytisk interesse, i alle fall dersom ho får fram ulikskapar i aviskultur mellom dei nordiske språksamfunna.

Ei felle ein lett kan hamne i, er å operere med så vide kategoriar som t.d. ”ungdomsstoff” og ”vaksent stoff”. At det er ei felle, har Harriet Sharp (2001) vist. Ho har samanlikna bruk av importord og kodeveksling i eit uformelt ungdomsmiljø (ungdom mellom 19 og 25 år frå ulike delar av Sverige) med eit forretningsmiljø prega av mellomaldrande menn. Det viser seg at den sistnemnde gruppa hadde langt meir kodeveksling til engelsk enn ungdomen. Det illustrerer at alder ikkje er ein avgjerande faktor, og at ein må trekkje inn fleire fleire kontekstuelle aspekt.

### *Metodiske utfordringar*

At undersøkinga berre inkluderer *moderne* importord, dvs. ord som er registrerte etter 1945, er basert på målet om å få meir kunnskap om *låneprosessane* i dag. Samtidig inneber ei slik avgrensing ein del problem og utfordringar.

Vi har for det fyrste aktualitetsproblemet: Ord som er komne inn før andre verdskrigen, t.d. *keeper*, *dobbeltsculler* og *service*, er også i dag aktuelle i språkdebatten. Det har mellom anna vist seg i samband med spørsmålet om nasjonalisering av skrivemåten (ved ord som *service* og *sightseeing*) eller ved spørsmål om avløyarord.

Dernest har vi komparasjonsproblemet: Tidsavgrensing gjer at ein kan misse jamføringsgrunnlaget med ein del andre frekvensundersøkingar (og som har inkludert importord frå før 1945). At til dømes mesteparten av den engelske fotballterminologien (som kom inn i ordbøkene før andre verdskrigen) ikkje vert teken med, gjer at frekvensen av importord truleg vil verte lågare enn i fleire andre studiar. Samtidig har den kanskje viktigaste omfangsgranskninga (Chrystal 1988) berre teke med importord frå perioden etter 1945. Det må òg poengterast at mange av dei andre undersøkingane ikkje fylgjer dei same kriteria for å definere importord, slik at komparasjonen med desse vil i alle tilfelle ha vore avgrensa.

For det tredje er der aldersbestemningsproblemet: Der må veljast mest mogleg objektive kriterium for å skilje mellom ord frå perioden *før* andre verdskrigen og ord som kom i perioden *etter*. Ein mogleg grensemarkør er ordbøker. Chrystal valde t.d. SAOL 9 (1950): Engelske ord som eksisterte der, oppfatta ho som etablerte, og dermed som uaktuelle for hennar studie av nyare anglisismar i svensk. For dansk er *Retskrivningsordbog* (1955) ein mogleg grensemarkør. For norsk kan *Norsk riksmålsordbok I-IV* (1937–57) danne ei grense. Ulempa er at ordbøkene for dei ulike språka i Norden er redigerte ut frå ulike ekserperingsprinsipp og ulik normeringspolitikk, og dermed er dei ikkje heilt samanliknelege. Ein anna mogleg grensemarkør er nyordbøker, men heller ikkje her er tilfanget heilt samanlikneleg. Løysinga i dette prosjektet har vore ganske pragmatisk, nemleg å konferere ulike kjelder for fastsetjing av kronologi, dvs. både ordbøker, nyord-

bøker og eksisterande forskning om lånord. Det vert så gjort grundigare undersøkingar i dei tilfella det er tvil. For islandsk og færøysk må ein take særlege omsyn.

Eit fjerde problem gjeld ny tyding for ord som vart etablerte i perioden før 1945/1955. Chrystal (1988:31) nemner dømet med *pacemaker* som ho vel å handsame som nytt direktelån. Eit anna døme er *obstruksjon* som har eksistert som latinsk importord i norsk, men fått ei ny tyding via engelsk gjennom fotballterminologien (jf. Kobberstad 1999:12). Denne studien vil fylgje Chrystal sin praksis med å tolke nytydingar som *nye* ord.<sup>4</sup>

I tillegg kjem kjeldeproblema. Eitt moment er at jamvel med eit såpass uniformt kjeldemateriale som aviser vil der vere ulikskapar mellom språksamfunna: For det fyrste skil avisstrukturen seg frå land til land, med ulik vektlegging av t.d. kulturstoff og distriktsstoff. For det andre har ei avis ofte fokus på visse emne på spesielle dagar, mellom anna gjennom bilag. Denne bilagsfordelinga kan ymse (t.d. har *Bergens Tidende* hatt utelivsbilaget *Tid og sted* på torsdagar, medan *Dagbladet* har hatt sitt utelivsbilag på fredagar, likeins har norske aviser hatt eigedomsbilag på fredagar, medan det i andre land ofte er på sundagar). Dersom målet er å få eit relativt representativt utval av emneområde, bør ein unngå ei skeivfordeling. Ein kan likevel ikkje take det målet altfor bokstaveleg. Ein måtte då ha eit langt større utval av aviser, og det ville ha sprengt tidsrammene for undersøkinga.

Ei meir metodisk utfordring er knytt til bruken av *namn*. Det vanlege i frekvensgranskningar er at ein utelet namn. *Coca Cola*, *Seven Eleven* og *Monica's hairdesign* (frisørsalong i Bergen) er vanlegvis ikkje rekna med i oppteljingar. Grunngevinga er at namn ikkje kan klassifiserast som ord, og at namn har avgrensa innverknad på det lingvistiske nivået (jf. Chrystal 1988:18). Utelatinga er likevel problematisk, mellom anna av di i det totale omfanget av ord, dvs. det ein bruker som grunnlag for å måle prosent eller promille med importord, inkluderer ein også som oftast namn. Her har vi altså ei potensiell feilkjelde. Denne treng rett nok ikkje å vere så stor. Dersom vi tenkjer oss eit snitt på 20% namn i kvar tekst, vil ein anglisismedel på 2,5 per 1000 ord stige til 3,1, dersom vi ekskluderer namna. Er engelskdelen 19 per 1000 vert han i det tilfellet 23 per 1000. Det er samtidig grunn til å tru at vi nettopp i namneinventaret finn ein god del utanlandske former, og dersom ein hadde inkludert namna, kunne talet på importord ha stige.

Metodisk utfordrande er òg innslaga med *kodeveksling*. Ei setning som t.d. "Love is in the air" i ein norsk reklametekst for mobiltelefonar (frå *Dagbladet* 7. april 2000) må (slik eg ser det) klassifiserast som kodeveksling, og det vil i praksis seie at *heile setninga* vert registrert som eitt importord. Eit anna døme har vi frå ein reklametekst for *Max-Bar kjekssjokolade* (også *Dagbladet* 7. april 2000) der heile reklameteksten er på engelsk, medan konteksten er norsk (reklame for norsk produkt i norsk avis). Det einaste som ikkje er på engelsk, er ordet *kjekssjokolade* (som vert nemnt saman med *Max-Bar* fleire gonger). Er teksten så i det tilfellet på engelsk eller norsk? Her er løysinga å klassifisere alle setningane med engelsk som kodeveksling. Alternativet, å registrere dei ulike engelske orda som individuelle importord, vert ikkje rett, av di ord som *your* og *can* ikkje har funksjon som importord her. Poenget er at tekstblokka med engelsk vert brukt stilistisk som del av ein tenkt monolog frå ein utanlandsk person.

Der er fleire metodiske utfordringar knytte til studien, dei som er nemnde her får sjåast på som illustrasjonar av desse.

*Inneber importord noko problem?*

I løpet av dei seinare åra har det språkpolitiske fokuset generelt skifta. Dei språkpolitiske organa i dei ulike nordiske landa er vortne mindre opptekne av korpuspåverknad, og meir opptekne av domenetap og *statusen* for nordiske språk i høve til engelsk. Det har mellom anna kome til uttrykk i den svenske utgreiinga *Mål i mun* (2002). Færre oppfattar omfanget av importord *isolert sett* som noko stort problem.

Ut frå dei undersøkingane som alt finst, er det då heller ikkje noko som tyder på at dei nordiske språka er *truga* av importord. I staden kan det vere grunn til å peike på dei *moglegheitene* som importord gir til å drive språkleg eksperimentering.

Det vil likevel ikkje seie det same som at spørsmålet om omfanget av importord er uaktuelt eller uproblematisk. Men andre problemstillingar står i fokus, t.d. samanhengen mellom importord og kontekst, funksjon, formell tilpassing til heimespråket, bruk i spesielle emneområde og sjangrar. Derfor vil ein studie av importordomfanget tene mange ulike føremål og interesser.

*Notar*

1. I tillegg til studiane av løpande tekstar har ein i Norden ein tradisjon for meir leksikografisk orienterte omfangsgranskingar. Då har ein gjerne teke utgangspunkt i nyord-samlingar og ordbøker, og vurdert importordomfanget i høve til det totale ordtilfanget (jf. Gundersen 1990, Jarvad 1995 og Sandøy 2000). Denne framgangsmåten kan òg få fram interessante tendensar, men har avgrensa verdi for kunnskapen om faktisk språkbruk. Ordbøker er nemleg redigerte på ulike puristiske grunnlag, og er såleis ikkje heilt samanliknbare. Dessutan kan ei ordbok aldri få med seg alle orda som er i bruk. I ordbøkene vil der særleg vere eit etterslep i høve til importord.
2. At finlandssvensk skal granskast separat, tyder ikkje at finlandssvensken vert oppfatta som eige språk i høve til sverigesvensk (som her vert kalla 'svensk'). Utgangspunkt er heller at at finlandssvensk vert brukt i eit anna språksamfunn, og dermed vert dei sosiolingvistiske utfordringane ulike.
3. Årsaka til utelatinga er for det fyrste praktiske omsyn, t.d. problemet med å skaffe relevant kjeldemateriale for komparasjon, og for det andre at spørsmålet om moderne importord ikkje har like stor aktualitet i desse språksamfunna. Andre språkpolitiske og sosiolingvistiske spørsmål vert oppfatta som langt meir prekære.
4. Ikkje alle nydanningar/tydingsforskyvingar av eldre importord vert registrerte, der- som desse inneheld ordstoff som kan seiast å ha vorte "heimleg" etter 1945; det gjeld t.d. den nye tydinga av *urbanisme*.

*Referansar*

- Ásta Svavarsdóttir. 2002. English borrowings in spoken and written Icelandic. Innlegg ved konferansen Globe 2002, Warszawa 19.–21. september 2002.
- Bergenholtz, Henning. 1992. *Dansk frekvensordbok*. København: Gads Forlag.
- Brink, Lars. 1988. Nordens folkesprog i fare? I: *Nyt fra Sprognævnet* 4. København, 4–7. (Også prenta i Jørgensen 1991, 107–110.)
- Chrystal, Judith-Ann. 1988. *Engelskan i svensk dagspress*. Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 74. Stockholm: Esselte Studium.



- Clausén, Ulla. 1978. *Nyord i färöiskan. Ett bidrag till belysning av språksituationen på Färöerna*. Stockholm studies in Scandinavian philology. New series 14. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Eriksen, Anne Kristin. 1992. *English loanwords in some recent Norwegian novels*. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk språkvitenskap. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Gellerstam, Martin. 1986. Engelskinspirerad svenska i översättningar. I: *Språkvård 1*, 11–14.
- Graedler, Anne-Line og Stig Johansson. 1997. *Anglisismeordboka. Engelske lånord i norsk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønli, Grethe. 1990. *The influence of English on Norwegian advertising*. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Gundersen, Dag. 1990. Norwegian lexicography. I: Hausmann, Franz Josef et al. *Dictionaries. An international encyclopedia of lexicography*. 2. volume. Berlin: de Gruyter, 1923–1928.
- Jarvad, Pia. 1995. *Nye ord – hvorfor og hvordan?* København: Gyldendal.
- Jarvad, Pia. 1999a. *Nye Ord. Ordbog over nye ord i dansk 1955–1998*. København: Gyldendal.
- Jarvad, Pia. 1999b. Den engelske påvirknings art og mængde. I: Davidsen-Nielsen, Niels et al. (red.), *Engelsk eller ikke engelsk? That is the question*. København: Gyldendal, 103–118.
- Jóansson, Torður. 1997. *English loanwords in Faroese*. A thesis presented for the degree of Doctor of Philosophy at the University of Aberdeen. Aberdeen: Department of English, University of Aberdeen.
- Johannessen, Hanne K. 1999. *On the Role of English in Norwegian Civil Aviation Administration*. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Johansson, Stig. 1992. Engelsk – et *must* i norsk? On the Role of English in Norwegian language and Society. I: Olsen, Anne Marie Langvall og Aud Marit Simensen (red.), *Om språk og utdanning*. Festskrift til Eva Sivertsen. Oslo: Universitetsforlaget, 65–84.
- Jämtelid, Kristina. 1996. Engelska lånord förr och nu. En jämförande studie av tidningsartiklar från 1965 och 1995. TeFa nr. 15. Uppsala: Uppsala universitet.
- Kobberstad, Nils. 1999. *The influence of English on Norwegian in the football columns*. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Ljung, Magnus. 1985. *Lam anka – ett måste?* En undersökning av engelskan i svenskan, dess mottagande och spridning. EIS Report No. 8. Stockholm: Department of English, Stockholms universitet.
- Ljung, Magnus. 1988. *Skinheads, hackers & lama ankor*. Engelskan i 80-talets svenska. Stockholm: Bokförlaget Trevi.
- Melin-Köpilä, Christina. 1996. *Om normer och normkonflikter i finlandssvenskan*. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet 41. Uppsala: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.
- Sandøy, Helge. 2000. *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk*. Oslo: Cappelen og LNU.

- Sharp, Harriet. 2001. *English in Spoken Swedish. A Corpus Study of Two Discourse Domains*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Mål i mun. 2002. Förslag til handlingsprogram för svenska språket. SOU 2002:27. Internett: [www.spraknamnden.se/SSN/handl.html](http://www.spraknamnden.se/SSN/handl.html).
- Sørensen, Knud 1973. *Engelske lån i dansk*. Dansk Sprognævns skrifter 8. København: Dansk Sprognævn.
- Sørensen, Knud. 1997. *A Dictionary of Anglicisms in Danish*. Historisk-filosofiske skrifter 18. København: Det Kongelige Danske Videnskabers Selskab.
- Valberg, Inger. 1990. "The perfect look". *A study of the influence of English on Norwegian in the area of fashion and beauty*. Upublicert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.